

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 18/2003**

**av 31. januar 2003**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 70/1999 av 2. juni 1999<sup>(1)</sup>.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga<sup>(2)</sup>.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2003 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 til avtala vert det gjort følgjande endringar i artikkel 15:

1. Nr. 5 skal lyde:  
  
“EFTA-statene skal delta i fellesskapsvirksomheten nevnt i nr. 8 første strekpunkt i fra 1. januar 1999 og i virksomheten nevnt i annet strekpunkt fra 1. januar 2003.”
2. I nr. 8 vert “rettsakt” endra til “rettsakter”.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 284 av 9.11.2000, s. 57, og EØS-tillegget til TEF nr. 51 av 9.11.2000, s. 51.

<sup>(2)</sup> TEF L 170 av 29.6.2002, s. 1.

3. I nr. 8 skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32002 D 1145**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1145/2002/EF av 10. juni 2002 om fellesskapstiltak for å stimulere sysselsetjinga (TEF L 170 av 29.6.2002, s. 1).”

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. februar 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2003.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 31. januar 2003.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*P. Westerlund*

*Sekretærer for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.